

07.06.2019

Høyringsinnspel på detaljreguleringsplan for Engebø

Vi viser til kunngjering av detaljregulering for Engebø, og sender med dette inn høyringsvar frå Naturvernforbundet og Natur og Ungdom.

Oppsummering av vårt syn

Det er ei rekke forhold som tilseier at Naustdal kommune ikkje har grunnlag til å kunne, og heller ikkje bør, handsame ein detaljert reguleringsplan på noverande tidspunkt.

Handsaminga av detaljert reguleringsplan bør utsetjast fordi:

- Det ikkje føreligg eit tilstrekkeleg grunnlag for å ta ei avgjerd. Det manglar no fakta om Nordic Mining sin utvinningsprosess og bruk av kjemikalium, det er ikkje gjort nødvendige utgreingar for villaks, og driftssøknaden til Nordic Mining er ikkje offentleggjort.
- Naturmangfaldlova er ikkje tilstrekkeleg vurdert. Kommunen har plikt til å vurdere §§ 8-12, men har ikkje vurdert mellom anna § 9 om tilstrekkeleg kunnskap og § 12 om alternative driftsmåtar.
- Nye Sunnfjord kommune trår i kraft frå 1. januar 2020 og det nye kommunestyret vil kunne ha eit anna syn på saka, understreka av at det også er lokalval i september. Då gjev det lite meining å forhaste eit vedtak no.
- Det alternative selskapet Arctic Mineral Resources har endå ikkje levert reguleringsplan, og fram til då kan ikkje dei to ulike prosjekta vegast opp mot kvarandre.
- FN sitt Naturpanel kom med rapport i april, om at 1 million av 8 millionar artar på jorda no står i fare for utrydding, der uklok og kortsiktig arealbruk og forureining av habitat er viktigaste årsak¹. FN sitt naturpanel foreslår blant tiltaka å hindre forureinande utslepp til sjø. Det er rimeleg at også Naustdal kommune tek den alarmerande miljøsituasjonen FN rapporterar inn over seg og i tråd med foreslåtte tiltak tek initiativ til å redusere, ikkje eskalere utslepp til Førdefjorden i ein målestokk som allereie får stor negativ merksemd. Førdefjorden er dokumentert rik på artar, og potensialet for hausting er godt. Viser også til FN sitt Klimapanel som har sagt at matproduksjonen på jorda må aukast med kanskje 70% innan 2050, og at dette i hovudsak må haustast frå sjøen. Altså har vi ingen gyteplassar og artar å miste.

Ytterlegare kommentarar:

Kunnskapsgrunlaget er for dårleg

Det er framleis mykje av detaljane rundt utvinningsprosessen til Nordic Mining som er ukjent. Det er fleire pålegg om ytterlegare undersøkingar som ikkje er gjennomført, og prosjektet har gjennomgått store endringar sidan reguleringsplan vart vedteke og

¹ Summary for policymakers of the global assessment report on biodiversity and ecosystem services of the Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity and Ecosystem Services, 2019
<https://www.ipbes.net/news/ipbes-global-assessment-summary-policymakers-pdf>

utsleppsløyve vart gitt. Søknaden om driftskonsesjon som Nordic Mining har sendt er berre offentleggjort i ein sterkt sladda versjon, og er ikkje sendt ut på høyring endå.

Brot på forvaltningslova § 17

Forvaltningslova § 17 seier: *“Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.”* Vi ser det slik at det er store manglar i kunnskapen, og at kommunestyret i realiteten har plikt, med grunnlag i forvaltningslova til å avvise å detaljregulere inntil:

- Alle fakta vedrørende Nordic Mining sin utvinningsprosess er kjende, og dei har gjennomført ytterlegare undersøking av villaks som omtala i utsleppsløyvet frå regjeringa. Vi vil mellom anna vise til at NM no ser ut til å skulle bruke 3 nye kjemikalium, der særleg det eine har heilt annan og meir giftig verknad for vasslevande organismar. Dette er «Sodium isobutyl xanthate» (SIBX), der «Material Safety Data Sheet» frå Coogee Chemicals har følgjande åtvaring: «Ekstremt giftig for vasslevande organismar»². Her står det i tillegg at stoffet kan bidra til å frigjera tungmetall og føre til oppkonsentrasjon i fisk og andre organismar. Bruk av dette kjemikaliet og andre nye kjemikalium er ikkje konsekvensutgreia og inngår ikkje i utsleppsløyvet, slik at det i realiteten ikkje er eit godkjend utsleppsløyve for dei endra gruveplanane.
- Driftssøknaden til Nordic Mining er gjort offentleg og handsama, slik at ein veit korleis gruvedrifta vil skje. Det ser ut til å vera særst omfattande endringar i høve til opphavleg plan, også når det gjeld arealbruk.

Naturmangfaldlova er ikkje tilstrekkeleg vurdert

Vi vil også vise til at naturmangfaldlova § 9 om tilstrekkeleg kunnskap (føre - var prinsippet) også må bli vurdert for denne saka. Her er det manglande kunnskap om den planlagde gruvedrifta, inkludert nye kjemikalium, omfanget av utslepp i sjø og i tillegg manglande undersøking av villaks, som selskapet er pålagt å gjennomføre. Dette gjer at det ikkje er tilstrekkeleg kunnskap til å gjera vedtak i ei sak som har miljømessige konsekvensar.

I konsekvensutgreiing (KU) for naturmangfald er det vist til plikt om å vurdere §§ 8-12, men det er berre §§ 9,10 og 11 som er vurdert. Reell vurdering av § 9 om tilstrekkeleg kunnskap

og § 12 om alternativ er ikkje vurdert, heller ikkje i reguleringsplanen, slik at saksframlegget ikkje ser ut til å oppfylle naturmangfaldlova sine krav.

Naustdal kommunestyre må avvise å detaljregulere før alle fakta i saka er på bordet og allment kjende, vedrørende utvinningsprosess og andre forhold ved gruvedrifta . Driftssøknaden må vere offentleg og svar avgjeve derfrå først. Naustdal kommune må kreve at NM søker nytt utsleppsløyve, da det er snakk om nye kjemikalium, det eine svært toksisk

² Safety data sheet SIPX, <https://msds.orica.com/pdf/shess-en-cds-010-000030344501.pdf>

for sjølevande organismar. Kommunen må også krevje at dei ytterlegare undersøkingane vedrørende villaks som er omtalt i utsleppsløvyet frå regjeringa blir gjennomført.

Kommunesamanslåing

Naustdal kommune skal slå saman med Førde, Jølster og Gaular til nye Sunnfjord kommune frå 1. januar 2020. I alle desse tre kommunane har det vore stor motstand mot sjødeponiet, og det kan bli fleirtal mot sjødeponi i det nye kommunestyret som skal veljast etter kommunevalet i 2019. Dette kommunestyret vil då ha myndigheit til å revurdere og omregulere no gjeldande arealformål.

Ein detaljregulering av arealet no er derfor både lite hensiktsmessig, då det er stor sjanse for at det vil vere bortkasta arbeid, samtidig som det er ein dårleg start for samarbeidet i den nye kommunen. Nye Sunnfjord kommune skal forvalte den rike Førdefjorden og fjordlandskapet rundt på fellesskapet sine vegne, som attraktive naturverdiar for busetting og varige, naturbaserte næringar. Å handsame ein detaljreguleringsplan no, to månadar før lokalval til nye Sunnfjord kommune, framstår som ei desperat handling frå noverande kommunestyre i Naustdal for at Nordic Mining sitt gruveprosjekt skal vere kome lengst mogleg innan samanslåinga av kommunane, for at det då skal vere vanskelegare å stoppe prosjektet.

Vi viser til vedlagt juridisk rapport frå advokat Tine Larsen, der ho poengterer at det er viktig å vere klar over at sjølv om Naustdal kommune vedtek detaljregulering no, er det ikkje noko rettsleg i vegen for at kommunen på eit seinare tidspunkt vel å omregulere området. Det har inga betydning om den sist vedtekne planen er kommuneplanens arealdel, kommunedelplanen, reguleringsplanen eller ein detaljreguleringsplan. Ved kommunesamanslåing melder det seg uansett gjerne behov for ein heilskapleg revisjon og rullering av kommuneplanens arealdel, og det vil derfor vere fornuftig å vente med detaljregulering av eit areal som ein veit det vil vere usemje om i nye Sunnfjord kommune.

Den juridiske vurderinga peikar vidare på at kommunen ikkje vil vere erstatningspliktige overfor Nordic Mining ved ein eventuell omregulering av området. Det er her snakk om ei rådigheitsbegrensing, og det klare rettslege utgangspunktet er at grunneigar og rettighetshavar ikkje får erstatning for rådigheitsbegrensingar. Alle grunneigarar og rettighetshavarar løper ein risiko for at området deira blir omregulert til andre formål, med den konsekvens at planlagde utbyggingssaker ikkje lenger kan realiserast. Slik tap av

“byggesjansje” har normalt ikkje erstatningsrettslig vern, sjølv om utbyggarar ofte kan true med søksmål.

Alternative gruveplanar

Arctic Mineral Resources AS har varsla at dei vil fremme reguleringsplan for gruveverksemd på sitt areal i Engebøfjellet, utan kapping av fjelltopp/dagbrot og sjødumping. Dette vil potensielt kunne gje verdiskaping og arbeidsplassar med langt mindre naturinngrep enn det vil vere med Nordic Mining sitt prosjekt.

For kommunen vil det derfor vere fornuftig å vente for å kunne vurdere desse to prosjekta opp mot kvarandre før det blir tatt ei avgjerd. Dessutan stiller Naturmangfoldlovas § 12 krav om at alternative driftsformer skal bli vurderte. Miljødirektoratet gir rettleiing for krav til utgreiing for å oppfylle § 12, og eit døme er: *“Er det andre måter å gjennomføre tiltaket på? Andre driftsmetoder? Annen teknikk? Annen utforming?”*³ Planane til AMR må naturleg inngå i ei slik utgreiing/ vurdering som ein del av saksframlegget.

Konklusjon

På noverande tidspunkt vil det einaste fornuftige for Naustdal kommune vere å seie stopp, og om nødvendig innføre eit midlertidig forbod mot alle tiltak som kan vanskeleggjere ei mogleg endring av arealformålet. Dette kan kommunen gjere i inntil fire år, utan nokon annan grunn enn at det er fornuftig å vente til det nye kommunestyret er på plass, til detaljane ved Nordic Mining sine planar er kjent, og til Arctic Mineral Resources er kome så langt i planlegginga at det er mogleg å samanlikne og vege dei to prosjekta opp mot kvarandre (jfr vedlagt juridisk rapport).

Vi har også vist at eit vedtak no kan vera i strid med forvaltningslova § 17 om tilstrekkeleg god utgreiing, og i strid med naturmangfoldlova §§ 7, 9 og 12. § 9 gjeld krav om tilstrekkeleg kunnskap og § 12 gjeld krav om utgreiing av alternativ. § 7 gjeld plikt til å gjennomføre utgreiing/vurdering av § 8 - 12 før vedtak kan bli fatta. I saksframlegget er § 9 og 12 ikkje vurdert.

Vi ventar at også Naustdal kommune tek innover seg rapporten frå FN's naturpanel om den alarmerande miljøsituasjonen vi er oppe i, og gjere sitt til å betre naturmiljøet i kommunen, i staden for å forringe det.

På vegne av Naturvernforbundet,
Sile Ask Lundberg

På vegne av Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane,
Anne-Line Thingnes Førstund

På vegne av Natur og Ungdom,
Gaute Eiterjord

Vedlegg: Juridisk notat frå advokat Tine Larsen

³ Naturmangfoldloven §§ 8 - 12, foredrag i Hotell Aleksandra Loen, 07.11.2013 v/Grete Elverum <https://www.fylkesmannen.no/contentassets/c63bf66392a54a65bfa9b77f62f66c3f/naturmangfoldloven-kapittel-ii.-m.dir-grete-elverum.pdf> (henta 05.06.2019)